

Vår ref.
ibv

Arkivkode

Stad/Dato
Nærbø, 1.09.2016**Til:**

7. trinn, Fredrik Gudmestad
7. trinn, Eivind J R Fagereng
6. trinn, Arya Maman
6. trinn, Rajan Shafiei
5. trinn, Mari Reime Hodne
5. trinn, Marielle Bjorland
4. trinn, Iris Bjørheim
4. trinn, Tord Mjåtveit

REFERAT FRÅ MØTE TORSDAG 1.9.16.**Til stades: alle repr. og Ina****Stad:** Bø skule, elevrådsrommet.**Saker:**

- 01/ 16-17: Velkommen og diverse informasjon om elevrådet: Ina forklarte korleis vi arbeider i elevrådet.
- 02/ 16-17: Val av leiar og nestleiar av elevrådet:
-Leiar Eivind Johan Rønneberg Fagereng
-Nestleiar Fredrik Gudmestad
OBS! Valet gav flest stemmer til Fredrik, men han ønskjer heller å vere nestleiar enn leiar. Derfor byta dei. (Dette var avklart før valet at ein kunne gjere, då ein av representantane som stilte til val berre ønskja å vere nestleiar.)
- 03/ 16-17: Val av medlem til SMU møte: i tillegg til leiar og nestleiar møter to elevar i elevrådet. Desse er:
-Rajan Shafiei
-Arya Maman
- 04/ 16-17: Informasjon om samling i Loen neste torsdag.
BliMe-benken: vi ser kor det passar å setje den. Forslag: ved 1. eller ved amfiet midt mellom? Bør det vere mellom basane? Leiar, nestleiar og Ina ser på dette, og rådfører seg med dei andre i elevrådet. Vi planlegg å ta benken i bruk i veke 36 som er Vennskapsveke/ Anti mobbeveke.
- 05/ 16-17: Uteområdet: kanskje må vi lage til reglar for bruk av uteområdet? Herjing i klatrenettet. Det er mange som dett ned pga herjing. Elevrådet meiner at det kun bør vere klatring i klatrenettet. På trampolinen kan det berre vere ein av gongen, og vi må stille i kø. Bruk vett!
- 06/ 16-17: Anna, saker frå trinna:
-Vi ynsker søppelkasser inne i klasseromma, ikkje berre i garderoben. Det blir mykje att og fram når vi t.d. har K&H-aktivitetar. Det hadde vore fint med papirkurver på veggene i klasseromma.
- Ynskje om køller og ball til bordtennisborda.

-Søppelplukking som på Gamle Bø. Det er mykje søppel ute. Alle må kaste søppel i søppeldunkane.

- Oppstart nye Bø:

-kva har vore bra?

-Elevrådet er stolte av og godt nøgde med Nye Bø!

-Bra uteområde!

-Bra med kantina.

-Betre luft enn på Gamle Bø.

-Fint med ein skulebygning, ikkje mange!

-Kva kunne vore gjort annleis?

-Sandkasselekene ligg spreidd rundt omkring. Nokon rutsjar på dei og øydelegg. Det er og nokon som rutsjer på

sandkassebilane. Behandle lekene fint så vi har dei lenge.

-Sykling i bakkene ved Tarzanløypa og elles i skulegarden.

Syklane skal stå ved sykkelstativa heile skuledagen.

Tusen takk for eit godt møte. Eg gler meg til å samarbeide med dykk dette skuleåret, det blir bra!

Bruk dette arket til å informere gruppa di. Be ein vaksen om råd om du er usikker, eller ta kontakt med meg!

Ina E. B. Vigre

Kontaktlærer for elevrådet